



Notat

Dato

LEIKANGER, 05.04.2016

Til: Hovudutval for opplæring

Frå: Bygg- og eigedomssjefen

Mo og Øyrane vidaregåande skule - Ridehall

Historikk

I 2006 vedtok hovudutval for opplæring eit funksjonsprogram for ridehall på dåverande Mo og Jølster vidaregåande skule. I vedtaket, sak 21/06, heiter det:

«*Gjennomføring av tiltaket må skje på grunnlag av meir detaljerte planar, og i samsvar med byggesaksrutinane i Sogn og Fjordane fylkeskommune».*

Bakgrunnen for funksjonsprogrammet var ein søknad frå Førde Køyre- og rideklubb om å etablere hestesenter ved skulen. I søknaden var det vist til eit samarbeid med fleire partar attende til 1986 knytt til travbane ved skulen. Køyre- og rideklubben har hatt tilbod for ungdom som er hesteinteresserte. Klubben har i stor grad nytta anlegget på Mo til sine aktivitetar.

I 1998 starta Mo og Jølster vidaregåande skule opp tilbod om valfag i hestefaget. Valfaget heldt fram til skuleåret 2000-01, då skulen la om undervisninga i husdyrbruk på eit av grunnkursa med vekt på hest. Interessa synte seg å vere stor for denne opplæringa og skulen starta arbeidet med å få tak i kvalifisert undervisningspersonale med spesialkompetanse i hestefaget. Skuleåret 2001-02 vart det gjeve tilbod om eit vg2-kurs tilpassa hest. Utan ekstra kostnad hadde Mo og Jølster vidaregåande skule etablert eit opplæringstilbod i hestefaget, fylket sitt einaste tilbod for ungdom som var interessert i formell hesteopplæring. Som følgje av den store interessa frå elevane tok skulen opp moglegheita for å etablere ein ridehall og stallanlegg saman med samarbeidspartane knytt til Førde Køyre- og rideklubb. Førde kommune signaliserte tidleg interesse for å samle all utstillingsaktivitet for hest, sau og storfe på skulen, då utstillingshallen i Førde vart vedteken riven på same tid.

Etter vedtaket av funksjonsprogram for ridehall i 2006 kom hallen på prioritert investeringsliste i 2007, og skulle vurderast vidare i investeringsplanen som skulle reviderast i 2009 (FT-sak 59/07). I investeringsplanen frå 2009 står følgjande (FU-sak 96/09):

«*Mo og Jølster vidaregåande skule – Ridehall:*

Det er utarbeidd eit funksjonsprogram for ridehall ved skulen. Ridehallen skal dekke undervisningsbehov i naturbruk som omfattar opplæring i hestedressur og –trening.

Prosjektet var i 2006 vurdert til ein kostnad av 4,6 mill. kr. Kostnadene i 2011-kroner måaukast til om lag 6 mill. kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar:

Prosjektet må vurderast ved hovudrevisjon 2011.»

Ridehall vart ikkje prioritert av fylkesutvalet eller fylkestinget (FT-sak 74/09).

I 2011 var ridehallen omtala i budsjettprosessen gjennom arbeidsdokumenta til finansutvalet. I vedtaket til budsjett 2012/økonomiplan 2012-15 heiter det «investeringar til Fellesmagasin og Gulatinget vert avgjort i 2012 i lag med følgjande andre investeringsprosjekt, bla Mo og Jølster

vgs verkstadbygg/ridehall (FT-sak 64/11). I FT-sak 63/12 i «Budsjett 2013/økonomiplan 2013-16» er ikkje ridehall ein del av vedtaket.

I 2013 var ridehallen ein del av arbeidsdokumenta til finansutvalet gjennom arbeidet med oppfølging av vedtak av skulebruksplan og investeringsbehovet knytt til denne. I arbeidsdokument 3/13 er det omtala at fylkesrådmannen har utarbeida ei grovskisse til investeringsprogram. I punkt 3.3 er marginallister omtala og der er ridehallen prioritert på tredjepllass blant investeringar i opplæringssektoren. I vedtaket i FT-sak 55/13 «Budsjett 2014/økonomiplan 2014-17» er ridehallen omtala i eitt punkt:

«Fylkestinget ber om at ridehall på Mo vert vurdert i neste budsjett/økonomiplan».

I 2014 var ikkje ridehallen tema i budsjettprosessen sidan fokuset var på å få ned investeringsnivået. I FT-sak 50/14 «Budsjett 2015/Økonomiplan 2016 (17-18)» var ikkje ridehallen med. I arbeidsdokument 3/15 til finansutvalet er ridehallen omtala i punkt 4.6.

«Ved handsaminga av budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) kom det framlegg om å arbeide vidare med å finne ei løysing for ridehall på Mo. Dette punktet fekk ikke fleirtal. Det har no kome opp spørsmål om fylkesrådmannen har følgt opp fylkestinget sitt vedtak i desember 2013 om å vurdere ridehall på Mo. Slik fylkesrådmannen ser det, vart denne vurderinga stoppa som ein del av budsjettprosessen i 2014, og det var ikke fleirtal for å starte opp att dette arbeidet då fylkestinget vedtok budsjettet og økonomiplan i desember 2014. Fylkesrådmannen vurderer såleis fylkestingsvedtaket frå budsjett 2014 som oppheva.»

Finansutvalet slutta seg samrøystes til fylkesrådmannen si tolking av fylkestingsvedtaket om vurdering av ridehall på Mo og vidare oppfølging av dette.

I etterkant av vedtaket i finansutvalet har det i hovudutval for opplæring blitt stilt spørsmål ved om det ikkje er mogleg å bygge ein vesentleg rimelegare ridehall enn det som er skissert i funksjonsprogrammet, etter modell frå vidaregåande skular i andre fylke.

I møte med fylkesdirektøren for opplæring har både elevråd og plassstillsvalde ved Mo og Øyrane vidaregåande skule etterlyst ei endeleg avgjerd for ridehallen. Begge gruppene uttrykte òg stor uro for konsekvensane for rekruttering av elevar og tilsette om ein ikkje får bygd ridehall.


Fylkesrådmannen ønskjer ei endeleg avgjerd for om det skal byggast ridehall.

Behovet for ridehall

Det er fylkesrådmannen si vurdering at det er mogleg å nå måla for opplæringa i faga som nyttar hest utan ein ridehall (som i dag). Samstundes vil det bety ei vesentleg kvalitetshaving av opplæringa om denne kan finne stad i ein ridehall. Særleg vinterstid er det i dag utfordrande å gjennomføre opplæringa. Fylkesrådmannen er kjent med at tilsette har brukt mangel på ridehall som grunngjeving for at dei har slutta. Det har òg kome tilbakemelding på at elevar søkjer seg til andre fylke som har betre fasilitetar for opplæringa med hest. Samstundes har tilbodet hatt god søking over tid.

Byggesak/løysing

Bygge- og eigedomstenesta engasjerte i 2013 ark. kont. E. Haugen AS til å utarbeide ei enkel skisseløysing for prosjektet. Ein la då i hovudsak til grunn funksjonsprogrammet frå 2006 som i tillegg til ridehall også hadde med seg areal til tribuneanlegg, sanitæranlegg, lager for sprangmateriell, dommarrom og eit undervisnings-/fellesareal.




Utv. perspektiv_øst

Prosjektet si utforming var ein del med om lag 1600 m² uisolert hall og ein del med andre rom på om lag 200 m². Samla vart prosjektet kostnadsestimert til **16,5 mill. kr** (kostnadsnivå juni 2013) Her er ikkje finansieringskostnader medrekna og kalkylen hadde ei risikoramme på +/- 20%. Skriv vi dette fram med SSB's konsumprisindeks til d.d. svarar dette no til **17,6 mill. kr** Med utgangspunkt i førespurnad på om dette kan gjerast enklare og rimelegare har bygge- og eigedomstenesta, skulen og arkitektkontoret E. Haugen AS sett nærmere på dette. Ulike system/hallar har vore drøfta og ein har vore i dialog med andre fylkeskommunar om korleis dette har vore løyst. Vi har og sett og vurdert anna plassering, men omsyn til gardsdrift og den totale logistikken på skuleområde, gjer at skulen ynskjer å halde fast på dei opphavlege planane med plassering vest for travbana. Bygge- og eigedomssjefen er samd i desse vurderingane om plassering.

Tomta krev ein del grunnarbeid og støttemurar slik at sjølve hall- løysinga er det i utgangspunktet ikkje mykje innsparingspotensiale i, med mindre ein reduserer arealet. Å redusere arealet er skulen sterkt imot, då dette vil vesentleg redusere kvaliteten i bruk og ikkje minst i høve mogleg utleige og arrangement. Dette heng saman med banestorleik og nasjonale krav til mål på slike baner.

Ei redusert løysing vil være om ein vel å ikkje bygge tribune og tilstøytande rom for funksjonar som undervisningsrom, sanitærrom og hovslagarrom, dvs ein «rein» uisolert hallkonstruksjon. Ein vil då oppnå reduserte kostnader i høve det opphavlege skisseprosjektet og dei andre funksjonane må løysast/nyttast i dagens bygningsmasse. Alternativet er sjølv sagt då å vidareutvikle/bygge på desse funksjonane etter kvart ved seinare høve. Dette er ikkje ei fullgod løysing, men investeringsnivået for å få realisert det primære behovet til undervisninga vert redusert til **12,5 mill. kr** for ei slik løysing. Dette er om lag 5 mill. kr lågare enn full utbygging vil koste pr d.d.



Bygge- og eigedomssjefen vil peike på to vurderringar som er viktige dersom ein vel ei slik løysing:

1. Dersom ein på sikt uansett må ha dei tilstøytande funksjonane (tribune, sanitæranlegg, underv. rom mm) er det rimelegare å ta heile prosjektet no framføre å ta prosjektet i to byggesteg.
2. Den reduserte løysinga føreset at prosjektet vert teknisk godkjent og får byggeløyve utan rom for ei tilstøytande funksjonane. Dette kan være utfordrande med omsyn til m.a. universell utforming og tilgang til naudsynte sanitærrom. Prosjektsøknaden må då dokumentere at desse funksjonane vert ivaretakne på annan måte på skuleanlegget.

Samarbeidspartar

Fylkesrådmannen har ikkje vurdert mogelege samarbeidspartar for å realisere ein ridehall ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Konklusjon/oppsummering

Ein ridehall ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vil auke kvaliteten på opplæringstilbodet og gi eit betre fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette.

Gjennomgangen av prosjektet med bygging av ridehall som er gjort sidan vedtaket i arbeidsdokument 3/15 viser framleis ein stor kostnad ved bygging av ridehall.

I lys av den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen og at det i dag er mogeleg å stette krava i læreplanen, kan ikkje fylkesrådmannen tilrå bygging av ein ridehall ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.